

# Opning av vinjesenteret

Forfattar Anders Totland, 27.8.2021

I tusenvis av år har menneske samla seg rundt leirbålet. Nokon fortel, andre lyttar. Historier bind oss saman, før frå generasjon til generasjon i små samfunn – no på kryss og tvers av heile verda. Og dei aller heldigaste av oss får til og med betalt for å halda på med dette her.

Det fins eit heilt økosystem innanfor skrivning, journalistikk og dikting som folk flest ikkje kjenner meir enn i overflata. Der nokon av oss får stå på scener med mikrofon og seia meir eller mindre lure ting, medan andre må sitta i salen og nikka anerkjennande. Sjølv når det er annonsert at superstjerner som Agnes Ravatn skal dukka opp, med skråblikk på verda og fiffige punchlines, men alt ein får er ein ukjend vestlending som tilfeldigvis er i området, nikkar folk og smiler. Men altså, ein gong måtte eg steppa inn for Ragnar Hovland, på orgel, når eg eigentleg berre var der som festivalkokk, så eg tenker det går greitt.

Det er det aller finaste med eit vakse publikum, folk er som regel høflege. Uansett kor lite meining det er i det ein seier, er det alltid nokon som nikkar, anten i sympati med han som står der oppe og snakkar – eller i frykt for å vera den einaste som ikkje ser keisaran sine klede.

Sånn er det ikkje med ungdommen. Viss dei ikkje forstår kva som blir sagt, tar dei fram telefonen. Viss artikkelen i nettavisa snakkar over hovudet på dei, blar dei vidare. Forfattarar som besøker ungdomsskular får ikkje anerkjennande nikk for ingenting. Der må du treffa. Og helst må du treffa frå aller første minutt.

Sjølv besøker eg fleire hundre skuleklassar kvart einaste år. Nokon på vidaregåande, ein del på barneskulen, men aller mest møter eg ungdomsskuleelevar. Det er kanskje verdas tøffaste publikum. Heldigvis for meg skal eg berre vera der 45 minutt, og kan bruka alle dei billigaste triksa i boka. Eg kan dra på med drøye vitsar, vera litt på kanten og få dei til å tru at eg er ein sånn vaksenperson som dei helst ville hatt der kvar einaste dag, men som dei i realiteten hadde fått meir enn nok av om det hadde bikka ein klokke time. For det går ikkje i

lengda. Skal du gjennom fleire år vera ei truverdig kjelde til informasjon og kunnskap, kan du ikkje vera ein klovn. Då må du faktisk vera eit medmenneske.

Dette er kanskje den aller største forskjellen frå dei ti åra eg jobba som journalist, til livet som såkalla fulltidsforfattar. Likevel er det langt på veg den same jobben eg gjer. Det handlar om å møte menneske, og det handlar om å fortelja historier rundt leirbålet. Av og til handlar det om noko som har skjedd, andre gonger om noko som kunne ha skjedd – men heile tida må det vera noko der som er relevant for den som lyttar, for den som les. Det må vera noko ein kan kjenna seg igjen i, eller kanskje noko som får ein til å drøyma seg vekk. Noko som sender tankane av garde, får ein til å sjå saker frå nye sider, eller rett og slett snur alt på hovudet.

For her ligg sjølv magien i historieforteljinga. Gjennom innblikk i andre sine liv kan me både læra og forstå. Me kan læra om sider av verda og livet som er så fjerne frå våre eigne liv at me knapt trur det, og me kan forstå at det faktisk er sant. Gjennom historiene kan du leva det livet du ikkje har. Sjølv om det kanskje ikkje er heilt sant.

Les du ein artikkel i avisa, er det klart at du forventar at det som står der faktisk har skjedd. At folka fins og at handlinga kan dokumenterast – i alle fall for det meste. Sjølv har eg brukt store deler av mitt yrkesaktive liv på å sørge for at det eg set på trykk faktisk stemmer, og ikkje berre er resultatet av nokon sitt ønskje om å forma historia i sitt eige bilete. Eg har sjekka fakta, dokumentasjon og andre kjelder – i håp om at sluttresultatet skal fortelja ei historie som er sann. Ikkje den eine, fulle sanninga, men noko som er sant.

For ingen sanning er sann åleine. Alle som har valt ut kjelder og faktagrunnlag, veit at det òg fins andre sanningar. Ikkje alternative fakta, slik Donald Trump og gjengen snakkar om. Men supplerande sanningar, som ikkje nødvendigvis passar saman som eit finmaska puslespel. Det fins historier som kan forteljast, som teiknar eit heilt anna bilete av verda og situasjonane ein skriv om, som kan ein få ein til å tvila på om det ein formidlar faktisk er sant. Dette er kanskje noko av det vanskelegaste i journalistikken. At noko anna òg er sant, betyr ikkje at historia du fortel er løgn.

Eg skriv skjønnlitteratur. Og eg skriv sakprosa. Då eg tidlegare i år gav ut boka Vindmøllekampen – historia om eit folkeopprør, var det første gong eg for alvor måtte forholde meg til dette. Eg har skriva avisartiklar med motstridande meiningar, kanskje ein innbyggjar meiner at kommunen er urimeleg og kommunen meiner innbyggjaren tar feil. Men med konflikten rundt vindkrafta var det noko heilt anna. I utgangspunktet var saka enkel. Styresmaktene meinte at vindkraft var bra, og gav konsesjonar over ein låg sko. På andre sida stod organisasjonar og såkalla vanlege menneske og protesterte. Men dei var ikkje berre uenige i sak, mange av dei meinte òg at styresmaktene feilinformerte og bevisst førte folket bak lyset. For meg handla prosjektet om å løfta fram dei som kjempa imot, dei som protesterte, det var deira historie eg ville fortelja. Likevel starta arbeidet med å intervjuar ei heil røys med folk som på ulike måtar jobbar for vindkraft. Politikarar, organisasjonsstrategar og tilsette i kraftselskapa.

Før eg gjekk laus på historia om motstandarane, måtte eg ha eit bilete av kven dei kjempa mot. Kven var menneska som kraftsalvene blei retta mot, kva var deira perspektiv, deira historie? På den måten kunne eg møta folk med ope sinn, men samtidig med eit kunnskapsgrunnlag som kunne hindra at samtalen gjekk seg vill i eit spor eg ikkje ønskte. For det skulle ikkje bli noko kampskrift. Det eg skulle skriva, var ein dokumentar. Min lojalitet låg hos lesaren. Med ei så betent sak, visste eg at det ville bli fyr opp leirbål over heile landet då boka kom ut, med meg som forteljar. Det er ein posisjon som krever presisjon.

For sjølv her – i ei av vår tids mest kontroversielle politiske saker – viste det seg å vera supplerande sanningar. Og dette er verkeleg vanskeleg, men at den eine si historie er sann betyr ikkje nødvendigvis at den andre si historie er feil. Kanskje er det faktisk slik at me treng all den fornybare energien me kan produsera for å redda klimaet, samtidig som me er så avhengige av å verna urørt natur at me ikkje kan bygga ut fleire store kraftanlegg i dette landet. I dei ulike historiene ligg det behov som ikkje kan leva saman, men begge deler kan likevel vera sant.

Då er det lettare i fiksjonen. Der eg kan la kva som helst skje, så lenge det er sant og truverdig innanfor ramma av den historia eg har valt å fortelja. Der folk blir forelska viss eg ønsker det, der ingenting er umogleg, eg er herskar over liv og død. Og likevel kan desse historiene opplevast som minst like sanne som dei historiene me fortel frå verkelegheita. Eg merkar det sjølv, når eg skal skriva ein ny roman. Dess tettare eg kjem på verkelege hendingar, dess lettare er det å dikta noko som er truverdig, som folk kan kjenna seg igjen i. Slik blei slektsgarden til far min i Nordfjord til bakteppe for min første vaksenroman, Vintertonar, med både pelsdyroppdrett og eit dramatisk forlis på fjorden, utan at historia eigentleg handlar om vår familie. For det som driv historia har eg funne på heilt sjølv. Og det er denne historia som både lesarar og bokmeldarar melder at dei kjenner seg igjen i, for det er noko ålmenmenneskeleg der. Som forfattar av skjønnlitteratur er det dette eg drøymmer om på ein god dag, å finna på noko som likevel er sant.

Nokre av dei sterkaste dømene eg har på kva utslag det kan gje, har eg frå min gode kollega, og store førebilete, Gro Dahle sine skulebesøk. Gro har nemleg eit prosjekt, som handlar om å gjera verda til ein betre stad for ungar som har det vanskeleg. Gjennom biletbøkene sine vil ho lysa inn i dei mørkaste avkrokane i liv me knapt kjenner konturane av. Når ho les frå bøker som «Sinna Mann», «Dragen» eller «Blekkspruten», som gjennom allegoriar, metaforar og språklege bilete tematiserer så vonde ting som vald i heimen og incest, får ho nesten alltid den same reaksjonen.

Medan dei fleste av elevane som høyrer henne mest av alt får servert ei litt rar historie om ein blekksprut eller ein drage, sit det veldig ofte ein elev midt blant dei andre som har ei heilt anna oppleving. For historia ho fortel handla om han. Eller ho. Og etterpå, viss dei vågar, går dei fram til Gro for å spør korleis ho visste. Korleis visste du om meg, korleis visste du at dette har skjedd? Kven er det som har fortalt det? Har du snakka med mamma? Og Gro svarer at ho ikkje kjenner mamma og at ho ikkje visste korleis akkurat denne eleven har det heime, men at det er mange som har det sånn, og historiene kan minna om kvarandre.

Reaksjonen ho ofte har fått er til å få vondt i magen av – på både godt og vondt. Når ungen seier at han trudde han var den einaste som hadde det sånn, og spør om dette betyr at det



endeleg er lov å snakka om det, og Gro kan svara at ja, det er lov å snakka om, og det er fint om du finn nokon vaksne du kan snakka med. Kanskje læraren eller helsesøstera.

For i den vesle historia ho har dikta opp, er det ei sanning. Og varmen frå leirbålet kan ikkje berre underhalda og binda oss saman. På sitt beste kan han redda liv.